



# Skjåk kommune

## Plan, samfunn og miljø

Ottadalen villreinutval

2690 SKJÅK

### Melding om vedtak

Vår ref  
2012/1035/6/K01

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Tor Taraldsrud  
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato  
07.02.2013

#### Søknad frå Ottadalen villreinutval om motorferdsel til villreinteljing

#### Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 07.02.2013

Miljø- og næringsutvalet vedtek å gje Villreinutvalet i Ottadalsområdet løyve til å nytte fly eller helikopter, samt supplerings med snøscooter, for teljing av reinen i villreinområdet.

Løyvet gjeld for Reinheimen Nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde innan Skjåk kommune. Løyvet etter motorferdsellovverket gjeld og innan Breheimen nasjonalpark i Skjåk kommune, men her er det og naudsynt med løyve frå vernemynde for Breheimen.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Villreinutvalet sitt personell får løyve til bruk av snøscooter dersom det er nødvendig som eit supplement til teljing med fly/ helikopter. Snøscooterbruken skal avgrensast mest mogleg.
2. Det er ein føresetnad at det er god koordinering mellom personellet frå SNO og villreinutvalet når det gjeld bruk av snøscooter til teljinga..
3. Løyvet gjeld til 1.juni 2013
4. Det skal førast køyrebok for snøscooterkyringa. Ruter for helikopterflyging skal registrerast. Køyrebok for snøscooter og kart over fly/helikopterruter skal sendast forvaltningstyresmakta – Skjåk kommune, innan 5.juni 2013.
5. Motorferdsel skal foregå med aktsemd og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for menneskje og miljø.

Løyvet blir gjeve med heimel i:

Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt 6.3 e)

Naturmangfaldlova § 48

Motorferdsselforskrifta § 6

Samrøystes

Postadresse  
2690 Skjåk  
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside  
www.skjaak.kommune.no


Telefon  
61217000  
Telefaks  
61217001

Bank  
2085.07.40004  
Org.nr  
961381096

Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud  
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN  
FM Oppland  
KUR  
Lesja kommune  
Lom kommune  
Norddal kommune

Rauma kommune  
Vågå kommune  
SNO-Skjåk  
SNO-Åndalsnes  
Skjåk Almenning



**Skjåk kommune**  
Plan, samfunn og miljø

	<b>Skjåk kommune</b> Plan, samfunn og miljø	<b>Arkivsak:</b> 2012/1035-4 <b>Arkiv:</b> K01 <b>Saksbehandlar:</b> Tor Taraldsrud <b>Dato:</b> 29.01.2013
---	--	--

**Saksframlegg**

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
10/13	Miljø- og næringsutvalet	07.02.2013

**Søknad frå Ottadalen villreinutval om motorferdsel til villreinteljing**

**Saksutgreiing**

***Søknad om bruk av snøscooter og fly/helikopter i verneområdene i 2013***

*Noen kommuner har gitt flerårig løyve og kan se bort fra denne søknaden.*

*Ottadalen villreinutvalg viser til tidligere gitte dispensasjoner til bruk av snøscooter og fly i Reinheimen verneområde og Geiranger/Herdal verneområde. Villreinutvalget har siden villreinområdet ble etablert, utført/hatt som oppgave å utføre tellinger av villreinstammene. I tillegg har villreinutvalget de siste årene påtatt seg å organisere og delta i registreringen av villreinens områdebruk.*

*Til disse oppgavene brukes snøscooter og småfly/helikopter. Villreinutvalget har som praksis å samordne turene med Statens naturoppsyn (SNO) vedrørende bla. ulike registreringer og generelle oppsynsturer. Her deltar både SNO personell og Villreinutvalgets naturoppsyn.*

*Med utgangspunkt i verneforskriftene søker villreinutvalget om løyve/dispensasjon til å bruke snøscooter, småfly eller helikopter til å gjennomføre sine forvaltnings- og registreringsoppgaver i Reinheimen verneområde. Utvalget søker også om at løyvet/dispensasjonen gjelder kalvetelling fra fly, som NINA utfører på vegne av villreinutvalget.*

*Antall turer er vanskelig å bestemme på forhånd, for eksempel kan en vellykket tur med fly kompensere for flere turer med snøscooter. Snøscooterkjøringen og registreringsarbeidet vil bli gjennomført av person(er) som er tildelt begrenset politimyndighet(BPM) som naturoppsyn – og turene vil skje når værforholdene tilsier at villreinflokkene kan registreres på langt hold, slik at dyrene unngår unødig forstyrrelser.*

*Villreinutvalget gir tilbakemelding om sine aktiviteter ca 01.07 d.å. + evt. 31.12. – likeledes*

**Postadresse**

2690 Skjåk  
**E-post:** post@skjaak.kommune.no

**Heimeside**

www.skjaak.kommune.no

**Telefon**

61217000

**Telefaks**

61217001

**Bank**

2085.07.40004

**Org.nr**

961381096

*vil kommunene årlig få tilsendt en prosjektrapport om villreinens områdebruk i Ottadalsområdet. Som tidligere år er villreinutvalget innstilt på å gi informasjon om reinens tilhold til ulike brukergrupper i Reinheimen og Breheimen mv.*

*Skjåk, den 19. desember 2012*

*Med hilsen Knut Granum (sekr./naturoppsyn)*

## **Vurdering**

Villreinutvalet i Ottadalsområdet søker om løyve til å bruke småfly eller helikopter til lågtflyging i samband med villreinteljing, og snøscooter til supplering av desse teljingane. Det blir opplyst at for å få redusert talet på turar vil teljingane skje i samarbeid mellom SNO og personell frå villreinutvalet. Det blir og søkt om løyve til å nytte fly til kalveteljing i samarbeid med NINA.

Bruk av fly/ helikopter for teljing av villrein har vore praksis i ei årrekke i Ottadalsområdet. I dei seinare åra har ikkje snøscooter vore nytta i følgje rapportering frå villreinutvalet.

Søknaden dekkjer behovet for å halde oversikt over villreinen i Ottadalsområdet. Teljing av villreinstammen er heilt grunnleggjande for å kunne ha ei god forvaltning. Villreinen er av dei viktigaste formåla med vernet av Reinheimen.

Forvaltningsmynde kan gi løyve til lågtflyging iht forskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt 6.3.e)

*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med beitedyrleiing og dyreteljingar.*

(det er ikkje forbod mot lågtflyging i Ottadalen landskapsvernområde).

Sidan verneforskrifta ikkje opnar for bruk av snøscooter til villreinteljing verken direkte eller etter søknad må denne saka vurderast etter §48 i naturmangfaldlova:

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.*

Skjåk kommune meiner det er riktig å gi dispensasjon for bruk av snøscooter til villreinteljing etter § 48 i NML og er av den oppfatning at det ikkje er i strid mot vernevedtakets formål og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig (sjå grunngeving lengre ned – NML §8-12).

Villreinutvalet er eit privat organ som i høve til motorferdselloverket ikkje har heimel til å bruke motorferdsel i forbindelse med villreinoppsyn / villreinteljing Det er heller ikkje spesielle dispensasjonsgrunnlag i motorferdsselforskrifta, men vitskaplege undersøkingar er nemnt i §4.

For at sekretæren i utvalet skal kunne bruke snøscooter under teljingane må ein bruke den generelle dispensasjonsbestemmelsen: § 6 i motorferdselsforskrifta:

*I unntakstilfelle kan kommunestyret – eller et annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.*

I Skjåk er vedtaksrett for § 6 delegert til utval for miljø og næring.

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Verksemda har pågått i mange år og det er ikkje kjende negative verknader på natur og miljø av tiltaket, men overvaking av villreinen krev gode rutinar.

§ 9 - føre-var prinsippet: Er det fare for skade på natur og miljø, t.d. dersom reinen står i bratte heng, med stor skredfare skal ein vise ekstra stor aktsemd og heller vike unna.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Tiltaket er planlagt gjennomført ved bruk av fleire typar hjelpemiddel for at gjennomføringa skal vere mest mogleg forsvarleg. Snøscooterbruken skal avgrensast mest mogleg.

Villreinutvalet har fått løyve til teljing innan Reinheimen Nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde. Tilsvarande er det søkt om løyve frå vernemynde i Breheimen.

### **Rådmannens innstilling**

Miljø- og næringsutvalet vedtek å gje Villreinutvalet i Ottadalsområdet løyve til å nytte fly eller helikopter, samt supplerung med snøscooter, for teljing av reinen i villreinområdet.

Løyvet gjeld for Reinheimen Nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde innan Skjåk kommune. Løyvet etter motorferdsellovverket gjeld og innan Breheimen nasjonalpark i Skjåk kommune, men her er det og naudsynt med løyve frå vernemynde for Breheimen.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Villreinutvalet sitt personell får løyve til bruk av snøscooter dersom det er nødvendig som eit supplement til teljing med fly/ helikopter. Snøscooterbruken skal avgrensast mest mogleg.
2. Det er ein føresetnad at det er god koordinering mellom personellet frå SNO og villreinutvalet når det gjeld bruk av snøscooter til teljinga..
3. Løyvet gjeld til 1.juni 2013
4. Det skal først køyrebok for snøscooterkyringa. Ruter for helikopterflyging skal registrerast. Køyrebok for snøscooter og kart over fly/helikopterruter skal sendast forvaltningstyresmakta – Skjåk kommune, innan 5.juni 2013.
5. Motorferdsla skal foregå med aktsemd og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for menneskje og miljø.

Løyvet blir gjeve med heimel i:  
Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt 6.3 e)  
Naturmangfaldlova § 48  
Motorferdsselforskrifta § 6

### **Vedtak i Miljø- og næringsutvalet - 07.02.2013**

Miljø- og næringsutvalet vedtek å gje Villreikutvalet i Ottadalsområdet løyve til å nytte fly eller helikopter, samt supplerings med snøscooter, for teljing av reinen i villreinområdet. Løyvet gjeld for Reinheimen Nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde innan Skjåk kommune. Løyvet etter motorferdsellovverket gjeld og innan Breheimen nasjonalpark i Skjåk kommune, men her er det og naudsynt med løyve frå vernemynde for Breheimen.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Villreikutvalet sitt personell får løyve til bruk av snøscooter dersom det er nødvendig som eit supplement til teljing med fly/ helikopter. Snøscooterbruken skal avgrensast mest mogleg.
2. Det er ein føresetnad at det er god koordinering mellom personellet frå SNO og villreikutvalet når det gjeld bruk av snøscooter til teljinga..
3. Løyvet gjeld til 1.juni 2013
4. Det skal førast køyrebok for snøscooterkøyringa. Ruter for helikopterflyging skal registrerast. Køyrebok for snøscooter og kart over fly/helikopterruter skal sendast forvaltningstyresmakta – Skjåk kommune, innan 5.juni 2013.
5. Motorferdslova skal foregå med aktsemd og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for menneskje og miljø.

Løyvet blir gjeve med heimel i:  
Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt 6.3 e)  
Naturmangfaldlova § 48  
Motorferdsselforskrifta § 6

Samrøystes